

## Til deg som har tatt koronatest (test for covid-19)

Når du testar deg for korona (covid-19) kan det ta ein til to dagar før du får svar. Kontakt lege om du blir sjuk eller treng medisinsk hjelp medan du ventar på svar.

Alle som mistenkjer at dei kan vere smitta med korona, bør teste seg straks. Dei mest vanlege symptoma er feber, hoste, hovudverk, vondt i halsen, at dei er tungpusta eller har tap av smaks- eller luktesans. Somme får meir alvorlege symptom og somme merkar ikkje at dei er smitta.

I tillegg bør ein teste seg om ein kjem i karantene, om ein får melding om det frå smittestopp-appen, eller om ein kan ha vore utsett for smitte.

### Kva skal du gjere medan du ventar på prøvesvar?

Dei fleste som har testa seg skal halde seg heime, eller dei er pålagd karantene, medan dei ventar på prøvesvar. Du skal ikkje gå på jobb eller skole, du bør ikkje ta offentleg transport og du bør ikkje oppsøkje offentlege stadar. Du bør halde god avstand til alle, også vaksne og store barn som du bur med. Små barn må få den omsorga dei får til vanleg.

- **Om du har testa deg fordi du har fått symptom på korona**, bør du halde deg heime og halde avstand til andre medan du ventar på prøvesvar.
- **Om du har testa deg fordi du har fått melding om at du har vore utsett for smitte eller fordi du har fått varsel frå Smittestopp-appen** bør du halde deg heime og halde avstand til andre medan du ventar på prøvesvar.
- **Om du er i pålagd smittekarantene**, bør du teste deg både når karantenen startar og før han sluttar. Karantene er lovpålagd, og du kan få bot om du bryt han. Dei du bur med må vere i ventekarantene fram til du har fått negativt svar på den første prøva. Du må fortsetje å vere i karantene tida ut. Du bør teste deg igjen 7 døgn etter siste kontakt med den smitta. Om testen er negativ etter 7 døgn, kan du avslutte karantenen. Om du ikkje testar deg, varar karantenen i 10 døgn etter siste kontakt med den smitta. Om du får symptom bør du teste deg på nytt.
- **Om du er i pålagd karantene etter innreise** må du teste deg både ved tilkomst og etter 7 døgn. Test og karantene er lovpålagd, og brot kan bøteleggjast. Om testen er negativ etter 7 døgn, kan du avslutte karantenen. Om du bur med andre og ikkje kan halde heilt avstand, bør dei halde seg heime medan du er i karantene. Om du får symptom bør du teste deg på nytt.
- **Om du er i pålagd karantene og har fått symptom på korona**, skal du følgje reglane for isolasjon fordi det då er sannsynleg at du har covid-19. Reglane for isolasjon er strengare enn reglane for karantene. Dei du bur saman med skal då vere i karantene fram til du har fått svar på den første testen. Det kan hende at dei du bur saman med også blir bedne om å teste seg.
- **Om du har tatt testen utan at du har symptom på korona og utan at du har vore utsett for smitte**, treng du ikkje å halde deg heime til du har fått prøvesvar. Dette gjeld om du til dømes tar testen fordi du er med i eit forskingsprosjekt, skal besøke ein institusjon, eller treng ein attest for å kunne reise.

## Slik får du svar på koronatesten

Etter ein til to dagar kan du finne svaret på koronatesten din på Helsenorge.no ([www.helsenorge.no/provesvar](http://www.helsenorge.no/provesvar)). Nokre gongar tar det litt lenger tid.

Alle med norsk personnummer eller D-nummer som har registrert mobilnummer eller e-postadresse under «Kontaktinformasjon» på [helsenorge.no](http://helsenorge.no), får melding via SMS eller e-post når svaret er klart. Om du ikkje har norsk personnummer eller D-nummer må du kontakte staden der du testa deg eller koronatelefonen i kommunen din for å få svar på prøva.

Om du har covid-19 (korona) står det at resultatet er positivt eller at koronavirus er påvist. Om du ikkje har covid-19 (korona) står det at resultatet er negativt eller at koronavirus ikkje er påvist.

## Om testen viser at du har korona (positivt prøvesvar)

Om testen viser at du har covid-19 (korona), skal du straks gå i isolasjon. Smittesporingsteamet til kommunen vil ringje deg.

Smittesporing er viktig for å kunne stanse smitten. Alle nærkontaktane dine (dei du bur med og alle du har hatt nær kontakt med) må difor i karantene. Dei bør også teste seg.

Kommunen har teieplikt. Det er viktig at de forstår kvarandre, så spør om du lurar på noko. Du kan be om tolk om det er vanskeleg å forstå språket. Tolk er gratis.

Om du bur ein stad der du ikkje kan halde avstand til andre medan du er isolert, skal kommunen hjelpe deg å finne ein annan stad å bu.

## Råd og reglar for karantene og isolasjon

- Råd og reglar for karantene og isolasjon: [www.fhi.no/avstand-karantene-isolering](http://www.fhi.no/avstand-karantene-isolering)
- Råd og reglar for karantene og isolasjon er omsett til ulike språk: [www.fhi.no/karanteneisolasjon-flere-sprak](http://www.fhi.no/karanteneisolasjon-flere-sprak)
- Etter gjeldande lovverk kan det vere straffbart å bryte reglane for isolering og karantene.